

Møtereferat

Møte: Møte AU Nord-Norge
Tid/Sted: Onsdag 24.05.17 kl 10 - kl 12
Tilstede: Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Fred Tore Fagereng, Birgitte Rørvik Bruun, Bente Børsheim, Bjørn-Arne Skoglund, Merethe Sund og Svein Inge Jakobsen.
Forfall:
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 24. mai 2017

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p>Orientering frå styremøte 22. – 23.05</p> <p>Merethe orienterte om omstillingstillegg på kr 1 for overgang frå miljønnreing til frittgåande til 2020,for dei 2 fyrste innsetta. Frå før eit prisavvik på kr 1. I tillegg prisauke på 70 øre på frittgåande, dvs kr 2,70 i skilnad. Norgesgruppen vil bidra på finanisering. Vi må ha i overkant av 80 produsentar som må omstille, fyrst til mølla. Begrensning pr år pga kapasitet, allereie 23 produsentar har meldt seg. Info til eggprodusentane er utsendt.</p> <p>Totalmarknad: Fortsatt krevjande for sau/lam trass auka engrossal. Særleg sau er utfordrande. Lågare reguleringslager av lam no enn på same tida i fjor. Gris: Pga mogeleg overgang til volummodell er ribbetiltaket stoppa no, fokus på eksport før 1. juli. Forslag om breidt samansett arbeidsgruppe som skal ha fokus på å utvikle nye verktøy for produksjonsregulering på gris og sau. Storf: Underdekning. Fokus klassifisering og skitne dyr.</p> <p>Andre saker:</p> <ul style="list-style-type: none">• Nortura merkevarer: Positiv trend med auka sal.• Norsk Duroc-avtale med KLF. Omsetningsavgiftene fastsett, samt engrospris 2. halvår.• Kalvebonus på kr 600 frå 1.juni til 24. september pga teljedato, for å sikre kjøparar kalv.• Konsernstrategi.• Dyrevelferd gris: Gjennomgang av rutiner. <p>Styret deltok i demonstrasjonen etter møtet.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Bra med Norsk Duroc-avtale om ein felles farrase i Norge, samt at KLF no bidreg på kostnadssida.• Klarer Nortura å bruke dette i si marknadsføring, for å skape meirverdi?• Viktig at rapportar frå dyrebilsjåførar vert tatt på alvor og følgt opp. Fagutval gris har drøfta dyrevelferd og rutiner for dyrlegar i alle fjøs. Vert følgt opp i fagutvalet.• Meir midlar til veterinærar for fjøsbesøk bør vere sak for faglaga.• Rådgjevarane bør også få ei rolle i oppsøkkande verksemd til slaktegrisbuskapar. <p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</p>	
2	<p>Oppfølging av kretsmøta og RU-møtet</p> <p>Brit Kari orienterte om oppfølgingsrapportane. Vert utsendt til regionutvalet.</p>	Brit Kari

Vedtak: AU tek oppfølgingsrapportane frå kretsmøta og RU-møtet til orientering.

- 3 **Brev til styret om Nord-Norge trekket**
Svein orienterte om forslag som var utsendt.

Innspel/kommentarar:

- Utspelet i "Nordlys" saboterte mykje av handlingsromet. Skeptiske om vi kan oppnå noko.
- Svein Inge har sett på industriell kostnad med slakting pr anlegg, delt på antal kilo som er slakta på kvart anlegg. Viser ei driftsulempe for dei 3 anlegga i Nord-Norge. Då det var eige industriulempetillegg var det på kr 4 – 4,50. I distriktstilskotet i dag er industriulempetillegget no slått saman med distriktstilskotet til produsent. Dersom industriulempene vert utjamna, vert heilt sikkert distriktstilskotet redusert, pga at vi seier at industriulempene er redusert. Vil føre til reaksjonar elles i landet med utjamning av industrikostnad. Lågare avrekningspris forsvare høgare industrikostnad.
- Det vart påpeikt at det ikkje vart stemt over dette i RU-møtet, og at det ikkje gjenspeglar fleirtalet frå RU-møtet. Er eit mindretalsforslag som AU valgte å etterkome.

Vedtak: Svein redigerer forslaget til brev med dei endringane som har kome fram, Svein før oversending til styret.

- 4 **Orientering frå arbeidet i Råvare & Medlem, samt Drift, region Nord**
Svein Inge orienterte om fortsatt nedgang av tilførsler av storfe. Aldri hatt høgare marknadsandelar i region Nord, ca 10 nye medlemar hittil i år. Ca 200 gardsbesøk utført, inkl 20 ikkje-medlemar. Storfenedgangen: Møte med Fylkesmannen i Tromsø om nytt prosjekt på storfekjøttproduksjon. Jobbar også med møte med FM i Finnmark, for eige prosjekt. Ca 300 nye ammekuplassar etablert, men fortsatt reduksjon i mordyr.

Brann hos storfeprodusent på Helgeland, tett oppfølging frå rådgjevarane.

Livdyrbil: Utsett levering av ny bil til Målselv til midten av september. Innleigd transport av smågris så lenge. Flytting av bil frå Målselv etter at vekt er montert, må då utnyttast 100 %.

Spørsmål/kommentarar:

- Transportselskapa køyrer ein del privat. Dette må det sjåast på i fht fraktkostnad. Bente følger opp praksis i fagutval gris. Bente
- Ved slakting i Karasjok og foredling i Målselv, vert inntekta ført på Målselv?
- Svar: Ført på anlegget som utfører foredlinga.
- Kva vert gjort for å forlenge prosjektet "Kjøtt i Nordland?"
- Svar: Skal gå ut 2018.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

- 5 **Oppnemning av ressursgrupper**
Forslag til ressursgrupper på egg og gris var utsendt.

Forslag for storfe: Fred Tore har snakka med Jan Håland. Vurderer ein til til neste møte i juni. I tillegg vara til AU.

Forslag for småfe: Ragnhild ynskjer Morten Fredriksen i tillegg til vara AU.

Spørsmål/kommentarar:

- Birgitte har ikkje ansvar for dyreslag, og dermed ikkje behov for ressursgruppe.
- Spm om Birgitte kan ta ansvar for oppfølging av livdyrformidling? Vil vurdere det.

Vedtak: AU vedtek ressursgrupper i samsvar med vedlagde oversikt.

6 **Fordeling av ansvarskretsar**

Saka var utsett frå forrige møte sidan Fred Tore ikkje var med.

Vedtak: AU vedtek fordelinga av ansvarskretsar i samsvar med forslaget.

7 **Handlingsplanar for kretsane og tildeling av midlar**

Oversikt over handlingsplanar og omsøkte midlar var utsendt, og Brit Kari orienterte. Innmeldt ynskje om kr 233 000 i ekstra midlar, mot budsjett kr 135 000. Forventar at ikkje all aktivitet vert gjennomført, og tilrår at AU tildeler som omsøkt. Oppfordra AU-medlemane til kontakt med kretsane utan planar om å få til aktivitet

Spørsmål/kommentarar:

- Spannande å sjå kva dei andre kretsane har av aktivitetar. Dersom vi trur vi hamnar innanfor budsjett ved årets slutt, er vi open for innvilging. Spannande å sjå om Ny Giv kretsane får til ekstra aktivitet.
- Kvar AU-medlem sender dette til sine ansvarskretsar, utan budsjett og rekneskap og kretsnamn, som ein idèbank.

AU

Vedtak: AU tildeler midlar til kretsaktivitet i samsvar med kretsane sine omsøkte budsjett.

8 **Møteplan AU**

- Fastsetje dato for fysisk møte i veke 36.
- Fastsetje dato og stad for RU-møte i veke 44

Innspel/kommentarar:

- Mogeleg Ragnhild får problem med å møte 4. – 5. september.
- Frå Helgeland er ein i Tromsø ca kl 11, dvs møtestart RU kl 12.

Vedtak: AU vedtek fysisk møte 4. - 5. september. RU-møtet vert 31. oktober – 1. november i Tromsø. AU-møte 30. oktober kveld – 31. oktober.

9 **Brev til styret om storferådgeving**

Svein orienterte om forslag til brev.

Innspel/kommentarar:

- Er ikkje berre på storfe vi har behov for rådgevingssressursar, også på gris.
- Generelt fokus på behov for rådgjevarar i forhold til avstandane.
- Må halde vedlike og rekruttere nye produsentar på alle dyreslaga.
- Aktiv næring på gris på Helgeland, men merkast at vi ikkje har same rådgevingssressursane som før.
- God storfebyggrådgjevar med kompetanse på hus til redusert kostnad er viktig.
- Vi brukar rådgjevarar frå andre aktørar der det er mogeleg, men bør ha eigen byggrådgjevar i regionen.

Vedtak: AU oversender brevet til styret, med dei endringane som har kome fram.

Svein/
Brit Kari

10 **Omstilling i eggproduksjonen**

Bjørn-Arne skal på møte i fagutval egg 6. juni. Har hatt kontakt med eit par produsentar, usikkert om det vert satsa på ombygging pga kostnad. Spannande kva som skjer.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

11 **Eventuelt**

Fred Tore er kontakta av leiar av Nordland Bondelag vedk info i skulane om rekruttering. Skulle kontakte øvrige i AU. Svein Inge er også kontakta, har meldt at vi må bruke ressursane på "Kjøtt i Nordland".

Innspel til AU om livdyrformidling i Finnmark frå Jan Håland: Svein orienterte om at TINE vert brukt til livdyrformidling vha SMS, med transport av Nortura. Facebook vert

også nytta. Svein Inge ga uttrykk for at systemet i Nortura må brukast, dvs livdyr må meldast inn til livdyrformidlinga. Vert jobba med forenkling av Livdyrportalen.

Innspel/kommentarar:

- Behov for ny informasjon om Livdyrportalen?
- Vert jobba med samhandling med livdyravd, rådgjevarar, inntransport med tlf møter kvar 14. dag, er no på god veg for betre løysing.
- Ynskjer gjennomgang av livdyrformidlinga på AU-møtet i september, med info for kvart fylke.
- Svein gjev tilbakemelding til Jan Håland, oppfordre han til å ta kontakt med Svein Inge.

Svein Inge

Svein

Neste møte: Tlf møte 22. juni kl 10 - kl 12.